



Når OL skal berga verda

■ OL-søknaden til Tromsø 19. mars: «I 1843 ble verdens første premieskirenn arrangert i Tromsø, i gatene og bakkene rundt Rådstua. 175 år senere vil Tromsø videreføre vår stolte skihistorie gjennom å arrangere vinter OL.» Med slike historiske perspektiv skal ein vera svært sur og sær for ikkje å gje Tromsø OL-kandidaturet. Særleg når byen i tillegg kan visa til at Sametinget stør søknaden og at «arktiske urfolks idrettsgrener» endeleg skal kunna nå fram til eit stort publikum.

■ Samane vil vera med å gje leikane «en dynamisk urfolksdimensjon», som styremedlem i Tromsø 2018, tidlegare oljeminister Thorild Widvey kallar det. I søknaden vert det hevda at samane høyrer til «historiens tidligste skiløpere», og eit OL i Tromsø vil få store ringverknader for samisk idrett.

■ Søknaden passar på å spela opp til saker i tida – som urfolk – og miljø. Tromsø-leikane skal visstnok verta «olympiske leker praktisk talt uten utslipp og forurensing». Slik talar teknologioptimistar i planleggingsfasen. Men det er klart, når «edelmetallet i medaljene og minnemyntene skal være resirkulert», er ein på god veg.

■ Det er berre eitt argument Oslo har som Tromsø manglar – og det er rolla som fredsby. Oslo nektar seg sjølv sagt ikkje i søknaden sin: «Oslo har verdensstatus som fredsby og denne skal forsterkes gjennom OL.» Men er ikkje Tromsø-komiteen vel smålåten? Hadde ikkje byen ein konsert for Mandela for nokre år sidan, med Bono eller Geldof på gjestelista og Kjell Magne Bondevik i kulissane? Tromsø må vera fredsby god som nokon.

■ Dei tre norske søkjarbyane Tromsø, Trondheim og Oslo reknar med at eit OL i 2018 kjem til å kosta mellom 12 og 15 milliardar kroner, og at staten må dekkja seks-sju av dei. Andre meiner at det kjem til å kosta minst 25 milliardar kroner, og at staten må ut med ti av dei. Dei siste prognosane kjem nok nærast sanninga. Søknadskomiteane har gjort eit stort og meningslaust arbeid.

Svein Gjerdåker